

## ORGANISERING AV UTDANNINGSVAL - **skulestad Øyrane**

Våren 2020

Vi vil få ønske deg velkommen som utplasseringselev ved Mo og Øyrane vg.skule, i perioden 2. -3. mars. Som tidlegare år vil Bygg og anleggsteknikk i tillegg ha tre dagar på skulen, dette som sin utplassering i bedrift. Skulen har sju utdanningsprogram, med Naturbruk som ligg på MO. Vi er tilsaman 39 klassar med eit samla elevtall på om lag 500 elevar.

Kompetansemåla som du skal verte kjent med i kvart av utdanningsprogramma, vil vere noko styrande for kva du kjem til å få oppleve her hos oss desse dagane. Med vektlegging på å utøve praktisk arbeid i lag med teoretiske forklåringar. Det er i år om lag 150 niande klasse elevar som vil vere på Mo og Øyrane. Desse kjem frå mange av ungdomskulane i fylket, tidlegare Sogn og Fjordane. Vedr. kompetansemål og arbeidsklær / verneutstyr, antall elevar med gruppeindeling, så er dette spesifisert etter utdanningsprogram og sendt til skulane. Innan dei ulike utdanningsprogramma, vert ein også indelt i grupper og stasjonar.

### Oppmøte:

#### **Måndag 2.mars**

kl. 08.20 – ca. 08.45 Fellessamling for alle i kantina på skulen. Draumeskulen.

kl. 08.45 – 09.00 Opprop og fordeling til programområda ved faglærar og elvmentorar

kl. 09.00 – 15.00 Arbeid og informasjon på programområda

#### **Tysdag 3.mars**

Kl. 08.20 – 15.00 Oppmøte på Utdanningprogramområdet frå dagen før.

#### **Oppmøte for elevar Bygg og anleggsteknikk 4.– 6.mars**

vert gjort avtale før dag slutt tysdag 3.mars

- ✓ Pausar oa. vert etter avtale med med ansvarleg lærar
- ✓ Kantina er open alle dagar om du ikkje vil ha niste eller drikke med.
- ✓ Elevar på Restaurant og matfag vil få mat på avdelinga ( som dei sjølve har laga)

*Velkommen til dagar med refleksjon og bevisstgjering. Opplevingnane vil kunne vere nyttig å få med seg, når du skal søkje vidare skulegang i den vidaregåande opplæringa.*

Med venleg helsing

*Jan W. Midtbø*

Teamleiar /Rådgjvar

*Inger Helen S. Røyseth*

Rådgjvar